

Trusopplæring er viktig fordi dåp og opplæring høyrer saman. Det er foreldre og fadrar, saman med kyrkja, som har dette ansvaret.

Stortinget har vedteke ei trusopplæringsreform (St.meld. 7, 2002/2003) for alle døypte og tilhøyrande born i Den norske Kyrkja. Tilhøyrande tyder at minst ein av foreldra er medlem i kyrkja. Dette inneber ein T-dag

kvart år med ulike tema tilpassa alder.

Like naturleg som å bera born til dåpen skal det vera å koma på T-dagar.

T-dag for
5-åringen
2018

INVITASJON TIL
T₅-DAG

I VONHEIM
19., 20. ELLER 21. NOV.
KL. 16:00 -18:30

JOLEKRUBBE

VERKSTAD
VANDRING

T₅




Kyrkja i Voss

Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80
e-post: t-dagane@voss.kyrkja.no,

www.voss.kyrkja.no  "Trusopplæringa i Voss"

Frivillig gåve til trusopplæringa til kontonr. 3480 16 45293 (merk: trusopplæring)



Velkomen

til jolekrubbeverkstad, til deg som er 5 år.

Gler du deg til jol?

Er ventetida lang?

Har du lyst å laga ei jolekrubbe som du kan leika med, og slik gjera ventetida litt kortare?

Då kan du koma til Vonheim måndag 19., tysdag 20. eller onsdag 21. november. Du vel sjølv kva dag du vil koma, men gje beskjed ved påmelding.

Program:

Kl 16:00	Middag i Vonheim (kr 30,- pr vaksen, gratis for 5-åringen)
Kl 16:40	Jolekrubbeverkstad Liten pause - kaffi/saft
Kl 18:00	Jolekrubbevandring
Kl 18:30	Slutt - takk for idag!

**Ta med:
saks og lommelykt!**

Praktisk info

5-åringen er invitert saman med ein eller to vaksne; foreldre, besteforeldre, fadrar, tante, onkel....(Det må vera minst ein vaksen pr. born).

5-åringen skal få laga si eiga jolekrybbe, saman med den/dei vaksne som er med. Krubba skal de få ta med heim og bruka i adventstida!

Det vert servert hamburgermiddag for liten og stor når de kjem, difor treng me påmelding.

Gje beskjed

- om barnet treng særskild tilrettelegging/har matallergi,
- om de kjenner nokon 5-åringar som vil vera med som ikkje har fått denne invitasjonen,
- om de *ikkje* vil at bilete av barnet kan brukast til presseomtale, internett, brosjyre e.l.

Påmelding

- med navn på barnet, antal vaksne og dato.
- innan **sundag 18. november** til Camilla Velsvik, på tlf 995 18 194 (sms).